

Bkk Nett AS  
Postboks 7050  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/7741 - 21/58836

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
07.09.2021

## Svar på søknad om flytting av nettstasjon i forhold til veg, vatn og avløp - gbnr 1/291 Flatøy

**Tiltak:** Flytting av nettstasjon  
**Byggestad:** Flatøyvegen 24 – gbnr 1/291  
**Tiltakshavar:** BKK Nett AS  
**Ansvarleg søker:** BKK Nett AS v/Ingvard Jordal

Saka gjeld søknad om flytting av nettstasjon på Gbnr 1/291 Flatøy.

Saksutgreiing:



Informasjon om saka:

BKK Nett AS har ei nettstasjon inne i bygget til FRAMO Flatøy som må flyttast. I samråd med FRAMO har BKK Nett AS komme til at best plassering er på takparkeringa deira. BKK Nett AS ber om tilbakemelding om det er noko som må takast omsyn til i prosjekteringa med denne løysinga.

BKK Nett AS må stå i kommunevegen for å løfte nettstasjon og trafo på plass. Anna arbeid og tilsyn blir utført ved å køyra inn på takparkeringa. Kablane vil krysse VA leidningane. Brannhydranten kan stå og nyttast som i dag.

Vurdering/drøfting:

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert tiltaket opp mot avstand til kommunale leidningar. Dispensasjon frå byggegrense mot veg vil verte handsama i eget vedtak.



**Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50  
00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

### Samandrag/konklusjon:

Vi har vurdert det slik at det er forsvarleg å gje dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett på vilkår.

- All nødvendig kryssing av kommunalt leidningsnett skal være vinkelrett på leidningsnettet.
- Dersom kabeltrase skal leggjast parallelt med kommunale leidningar skal kabeltrase ha ei minste avstand frå leidningsnettet på minimum 1,0 meter. Avstand skal målast horisontalt.
- Alver kommune fråseier seg ansvar for skader som oppstår på kabler under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg, vatn, avløp og veglys). Dersom det oppstår skade på kabler under arbeid på kommunalteknisk, er dette kommunen uvedkomande. Eigar av kablene må sjølv sørge for og påkoste utbetring av skadane.

**Vi gjer merksam på at tiltaket er søknadspiktig etter plan og bygningslova. Dispensasjonsvedtaket forutsetter at andre godkjenningar ligg føre.**

### **Heimel**

Det er med heimel i Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser Kap 3.4 at Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning kan setje krav til avstand og kryssing av kommunalt leidningsnett.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Bkk Nett AS

Postboks 7050 5020

BERGEN